



# Lærdal kommune

## Sakspapir

| Saksnr. | Utval                                | Møtedato   |
|---------|--------------------------------------|------------|
| 019/24  | Utval for miljø og samfunnsutvikling | 17.04.2024 |

|                             |        |                               |
|-----------------------------|--------|-------------------------------|
| Sakshandsamar: Monika Lysne | Arkiv: | Arkivsaksnr.:<br>23/1095 - 26 |
|-----------------------------|--------|-------------------------------|

### Høyring av søknad om oreigning for linjetraseen for Gravdalen kraftverk

#### Kort samandrag:

NVE har sendt Østfold Energi sin søknad om ny tillating til oreigning for å byggje 66kV kraftledidning mellom Gravdalen kraftverk og Stuvane kraftverk på høyring.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunen har ikkje innspel til høyring av søknad om tillating til oreigning til kraftlinja knytt til Gravdalen kraftverk, då kommunen har forståing for at det konsesjonsgjevne prosjektet kan ha behov for naudsynte verkemidlar for å gå gjennomført prosjektet. Kommunen vil minne om innspela som er sendt inn i høve detaljplanen for linjetraseen, og ber om at detaljplanen vert endeleg godkjend av NVE før tillating til oreigning vert gjeve, for å etablere tydelegheit om kva som er endeleg vedteke linjeplassering.

#### 17.04.2024 Utval for miljø og samfunnsutvikling

#### Handsaming i møtet

#### Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

#### UMS - 019/24 Vedtak

Kommunen har ikkje innspel til høyring av søknad om tillating til oreigning til kraftlinja knytt

til Gravdalen kraftverk, då kommunen har forståing for at det konsesjonsgjevne prosjektet kan ha behov for naudsynte verkemidlar for å gå gjennomført prosjektet. Kommunen vil minne om innspela som er sendt inn i høve detaljplanen for linjetraseen, og ber om at detaljplanen vert endeleg godkjend av NVE før tillating til oreigning vert gjeve, for å etablere tydelegheit om kva som er endeleg vedteke linjeplassering.

### **Vedlegg:**

Høring av ekspropriasjonssøknad

### **Relevante dokument i saka**

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

### **Saksutgreiing**

Østfold Energi fekk 13.02.2015 anleggskonsesjon og tillating til oreigning til å byggje ei 66 kV kraftleidning frå planlagde Gravdalen kraftverk til Stuvane kraftverk, samtidig med vassdragskonsesjon for Gravdalen kraftverk. For at tillating til oreigning skal vera gyldig, må utbyggjar begjere skjøn innan eitt år. Dette vart ikkje gjort, og oreigningstillatinga frå 2015 er difor ikkje lenger gjeldande. Endeleg frist for å starte bygging av kraftverket og leidningen er 13.02.2025.

I utdrag frå søknaden frå Østfold Energ står følgjande saksopplysningar:

*"Kraftledningen er en forutsetning for etableringen av Gravdalen kraftverk. Nødvendige konsesjoner for bygging og drift av kraftverket, erverv av fallrettigheter, samt tillatelse til å bygge, eie og drive ovennevnte 66 kV-forbindelse ble meddelt ved kgl res av 13. februar 2015. Byggefrister for de konsesjonsgitte tiltakene ble i utgangspunktet satt til 13. februar 2020. Fristen er i ettertid forlenget til 13. februar 2025, jf departementets vedtak 30. juni 2023.*

....

*Konsesjonsgitt ledningstrasé vil berøre en rekke grunneiendommer på strekningen mellom Stuvane kraftverk og det planlagte Gravdalen kraftverk, herunder arealer som Forsvaret benytter som demoleringsfelt i Øyridalen.*

*Av hensyn til byggefristen, har Østfold Energi behov for å komme i gang med arbeidene relativt snart. Det er derfor nå utarbeidet og innsendt forslag til detaljplan (tidligere; miljø-, transport- og anleggsplan (MTA-plan)) for kraftledningstiltaket for godkjenning av NVE. Østfold Energi ba i den forbindelse blant annet bedt Forsvarsbygg om innspill til relevante sikringstiltak av kabelen i området der den vil gå gjennom Forsvarets demoleringsfelt og nødvendige tiltak under bygging.*

*Tilbakemeldingen fra Forsvarsbygg var at de nå tilsynelatende ikke aksepterer at kabeltraseen går over Forsvarets eiendom i Øyridalen. Dette til tross for at spørsmålet om trasévalg ble avgjort med endelig virkning i og med konsesjonsvedtaket i 2015, etter at Forsvarsbygg hadde blitt hørt i flere omganger.*

*Østfold Energi ønsker i utgangspunktet å komme frem til minnelige løsninger med samtlige grunneiere og rettighetshavere som berøres av det planlagte tiltaket, inkludert Forsvaret/Forsvarsbygg, og vil fortsette prosessen med dette.*

*Da Østfold Energi har behov for å komme i gang med byggearbeider i løpet av nær fremtid, ser vi oss imidlertid nå nødt til å søke om tillatelse til ekspropriasjon av nødvendige rettigheter for fremføring og drift av den aktuelle 66 kV-linjen, jf oreigningslova § 2 første ledd nr 19. Dette for å unngå unødvendige forsinkelser dersom Østfold Energi ikke skulle lykkes med å komme frem til minnelige avtaler med samtlige grunneiere/rettighetshavere.*

.....

*Foruten arealet som berøres av Forsvarets aktivitet, vil Østfold Energi ha behov for å erverve nødvendige rettigheter til fremføring og drift av den aktuelle 66 kV-forbindelsen også overfor øvrige grunneiere og rettighetshavere langs kabeltraseen. Østfold Energi ønsker primært å komme frem til minnelige avtaler med samtlige berørte grunneiere og rettighetshavere, inkludert Forsvaret/Forsvarsbygg, og vil fortsette prosessen for å forsøke å oppnå dette, parallelt med at det nå søkes om tillatelse til ekspropriasjon."*

Det vert vist til søknaden i sin heilheit i lenka frå NVE, og til høyringsbrevet frå NVE.

## **Vurdering**

Administrasjonen har forståing for at Østfold Energi treng naudsynte tillatingar til oreigning å få gjennomført det konsesjonsgjevne kraftverksutbyggingsprosjektet. Administrasjonen har difor ikkje innspel til oreigningsspørsmålet, anna enn at det er positivt at Østfold Energi legg opp til ein grundig prosess for å prøve å kome til semje før oreigningsmoglegheita vert teken i bruk. Administrasjonen vil understreke at detaljar kring trasevalet ikkje er endeleg fastsett, då detaljplanen for prosjektet ikkje er endeleg godkjendt av NVE. Det vert her vist til kommunen sine tidlegare innsendte innspel til linjeføringa, blant anna at kommunen ber om at stølane i området ikkje vert råka. Kommunen ber om at detaljplanen vert endeleg vedteken før det vert gjeve tillating til oreigninga, slik at det er tydeleg for alle kva som er den endelege linjeføringa.